



Arkivsaknr: 2023/11732-405

Sakshandsamar: Kristin Moe

Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Barnehage og skulebruksplan - Kommunedirektøren sitt framlegg etter andre gongs høyring

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Ungdomsråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Utval for levekår	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune, med dei endringar foreslått av kommunedirektør i denne saka.

Kommunestyret vedtar ei samla årleg innsparing for sektor oppvekst på 52 millionar kroner, inkludert innsparing av framtidige kapitalkostnader, fordelt på følgjande tiltak i fase 1:

Tabell 1:

År for gjennomføring	Barnehage	Årleg innsparing
August 2024	Flytte Haugen barnehage til Juvikstølen barnehage og skrive ned kapasitet	10,2 millionar kroner
August 2025	Auke kapasitet Marihøna barnehage	0,5 millionar kroner
August 2025	Effektivisere drifta Lindås barnehage	2,4 millionar kroner
August 2025	Flytte Austebygd barnehage til Bø barnehage	6,4 millionar kroner
August 2025	Samlokalisere Prestmarka barnehage i Solhall-bygget og skrive ned kapasitet	5,4 millionar kroner

Sum:	24,9 millionar kroner (heilårseffekt)
------	---

Tabell 2:

År for gjennomføring	Skule	Årleg innsparing
August 2025	Flytte Myking skule til Lindås barneskule	5,9 millionar kroner
August 2025	Flytte Austebygd skule til Hordabø skule	6,2 millionar kroner
August 2025	Flytte Kløvheim skule og Eikanger skule til Leiknes skule	15 millionar kroner
Sum:		27,1 millionar kroner (heilårseffekt)

Sum årleg innsparing fase 1, tiltak struktur barnehage og skule: **52 millionar kroner.**

Kommunestyret ber kommundirektøren setje av ei økonomisk ramme på 12 millionar kroner til å gjennomføre tiltak ved mottakarskular, 23 millionar til investeringstiltak Prestmarka barnehage, jamfør PwC sine kalkylar, og 33,5 millionar for å rehabiliterare Sæbø barnehage. Kommunestyret ber om at dette blir innarbeida i økonomiplan for 2025-2028.

Tabell 3:

Tiltak	2025	2026
Oppgradere Solhall, slik at Prestmarka barnehage får ein felles lokasjon	23 millionar kroner	
Rehabiliterare Sæbø barnehage	3,5 millionar kroner	30 millionar kroner
Gjennomføre tiltak Hordabø skule	3 millionar kroner	
Gjennomføre tiltak Leiknes skule	4 millionar kroner	
Gjennomføre tiltak Lindås barneskule	5 millionar kroner	
Sum:	38,5 millionar kroner	30 millionar kroner

Kommunestyret vedtar å setje i gang arbeid med moglegheitsstudier, reguleringsplanar og konseptfase i samsvar med tilråding frå kommundirektøren, og etter oppsett framdriftsplan for fase 2.

Tabell 4:

År for gjennomføring	Barnehage/skule
2025-2028	Vurdere 1-10 skule på Manger Reguleringsplan for Manger sentrum
2025-2029	Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomskule Reguleringsplan
2025-2028	Ny Meland ungdomsskule Konseptfase

2027-2029	Vurdere 1-10 skule på Lindås Reguleringsplan
2028-2029	Vurdere å flytte Vestbygd skule til Rossland (etter at ny ungdomsskule på Frekhaug står ferdig) Moglegheitsstudie
2028-2030	Vurdere 1-10 skule på Ostereidet Moglegheitsstudie

Kommunestyret vedtar å halde fram prosjektarbeidet med ny Meland ungdomsskule, i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren. Økonomisk ramme for dette arbeidet blir lagt inn i økonomiplan for 2025-2028.

Politisk handsaming

Saka blir sendt til uttale i Ungdomsråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Utval for levekår, til innstilling i Formannskap, og deretter fremja for endeleg vedtak i Kommunestyret.

Saka gjeld

Saka er ei oppfølging av vedtak i kommunestyret desember 2022, sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026, der det vart gjort vedtak om å starte arbeidet med barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune. Planprogrammet som har vore styrande for arbeidet med kommunedelplanen vart politisk vedteke i sak KO-195/23.

Saka er også ei oppfølging av vedtak i kommunestyret desember 2023 i samband med Handlings- og økonomiplan 2024-2027, sak 214/2023, der følgjande verbalpunkt vart vedtatt: «Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med forslag til kutt i utgifter på minst 150 millionar, og ber om at dette vert levert seinast innan juni 2024. Kommunestyret viser til evaluering av organisasjonsprosjektet, med leveranse februar 2024, og vil arbeide vidare med økonomiplan 2025-2028 og konkrete forslag til tiltak etter levering av dette prosjektet. Kommunestyret ber om at det vert bestilt ein rapport frå PwC med konkrete forslag til tiltak som samsvarar med utfordringsbilete på tenestenivå, og at denne vert bestilt som ei oppfølging av evaluering av organisasjonen.»

Oppdrag vart gjeve til PwC i januar 2024 med omsyn til at det skulle gjennomførast ei vurdering av Alver kommune si overordna organisering, og vurdering av tiltak for å sikre ein berekraftig økonomi og drift av kommunen.

I delrapport 2 for oppvekst, knytt til organisasjonsprosjektet, har PwC levert framlegg til kostnadsreducerande tiltak for oppvekst på kort sikt, og her er det lagt fram vesentlege innspel i høve til struktur. Rapporten er lagt ved saka, sjå vedlegg nr. 6.

Parallelt med dette har planavdelinga i kommunen utarbeida eit kunnskapsgrunnlag i høve til nærsentra og bygder, med omsyn til folketal, bustadbygging og næring. Også dette notatet følgjer ved saka, sjå vedlegg nr. 8.

Følgjande rapportar ligg som grunnlag for saka:

- Alver kommune (Juni 2023) «Planprogram Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune». Vedlegg nr. 1
- Norconsult (April 2024) «Temaplan for Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune». Vedlegg nr. 2
- Norconsult (April 2024) «Skildring skule- og barnehageanlegg Alver kommune» Vedlegg til Temaplan for barnehage- og skulebruksplan. Vedlegg nr. 3
- Norconsult (Mai 2024) «Økonomi og tiltak ulike strukturalternativ» Vedlegg til Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune. Vedlegg nr. 4
- PwC (Februar 2024) «Organisasjonsgjennomgang Alver kommune». Vedlegg nr. 5
- PwC (Juni 2024) «Analyse av økonomisk driftsnivå i Alver kommune Delrapport Oppvekst». Vedlegg nr. 6
- PwC (Juni 2024) «Forenkla konsekvensanalyse til Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune». Vedlegg nr. 7
- Alver kommune (Juni 2024) «Arealutvikling og folketal i senter og bygder i Alver». Vedlegg nr. 8
- Norconsult (Juni 2024) «Oversikt høyringsinnspel 1. gongs høyring». Vedlegg nr. 9
- Norconsult (Juni 2024) «Oppsummering høyringsinnspel 1. gongs høyring». Vedlegg nr. 10
- Norconsult (September 2024) «Oversikt høyringsinnspel 2. gongs høyring». Vedlegg nr. 11
- Norconsult (September 2024) «Oppsummering høyringsinnspel 2. gongs høyring». Vedlegg nr. 12
- Alver kommune (September 2024) «Spørsmål til Barnehage- og skulebruksplan». Vedlegg nr. 13
- PwC (september 2024) «Berekning alternative tiltak innan oppvekst. Tilleggsbestilling». Vedlegg nr. 14
- PwC (september 2024) «Berekning alternativt tiltak Marihøna barnehage». Tilleggsbestilling. Vedlegg nr. 15

Saksopplysningar

I det følgjande blir historikk, organisering og medverknadsprosess knytt til arbeidet med barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune presentert.

Sakshistorikk

Utval for Levekår gjorde i sak 22/2024 følgjande vedtak: Barnehage –og skulebruksplanen vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i 6. veker, jamfør Plan og bygningslova § 11-14.

I saka var det Norconsult sitt framlegg til plan som vart sendt på høyring.

Frist for å kome med innspel til planen var 31.05.24.

Utval for Levekår fatta i sak 35/2024 vedtak om å sende kommunedirektøren sine tilrådingar til strukturtiltak i barnehage- og skulebruksplan på offentleg høyring og ettersyn i minimum seks veker. Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11 (§11-14): Høyring av planforslag.

Kommunedirektøren bygde sine tilrådingar på informasjon frå Norconsult og PwC, samt administrasjonen sine vurderingar i saka.

Målsetjinga med å gjennomføre den andre høyringsperioden, var at innbyggjarane skal få høve til å kome med innspel og merknader til kommunedirektøren sitt framlegg, før endeleg innstilling frå kommunedirektøren og politisk avgjerd i kommunestyret.

Frist for å kome med innspel til kommunedirektøren sitt framlegg til strukturtiltak i barnehage- og skulebruksplanen var 15.09.24.

Saka er i oktober 2024 lagt fram for politisk handsaming etter gjennomført andre gongs høyring, med målsetjing om endeleg vedtak i kommunestyret 24. oktober.

Slik har planarbeidet vore organisert

Politisk styringsgruppe: Utval for Levekår

Prosjektansvarleg: Kommunalsjef for oppvekst

Prosjektleiar: Tenesteleiar plan og analyse og kommunalsjef oppvekst

Prosjektgruppe: To hovudtillitsvalde oppvekst, hovudverneombod oppvekst, tenesteleiar barnehage, tenesteleiar skule, konsulent, representant for tilsette barnehage og skule, tenesteleiar plan og analyse og kommunalsjef oppvekst

Referansegrupper: Foreldreutval (FAU), representantar frå dei private barnehagane og friskulane, barn og unge, barnehagar og skular, arbeidstakarorganisasjonar, hovudtillitsvalde for Oppvekst

Om planarbeidet

I saksutgreiinga (sak 22/2024) er plan og metode for arbeidet grundig omtala. Dei ulike strukturalternativa vert evaluerte med utgangspunkt i målsetjingar innafor områda:

1. Helse, miljø og sikkerheit (HMS)
2. Barn; likeverd, leik, læring og venskap
3. Organisasjon; attraksjon, samarbeid og kompetanse
4. Ressursutnytting; Kapasitet og effektiv drift
5. Nærsenter og lokalmiljø
6. Økonomi

I utkast til barnehage- og skulebruksplan presenterer Norconsult ulike alternativ for struktur barnehage og skule (dei kommunale bygga) samt tilråding i høve til endringar kommunen bør gjere. Tilrådinga byggjer på kunnskap om bygga, driftsnivå, investeringsbehov, berekraftig nivå på drifta i åra som kjem, likebehandling, senterstruktur, samt vurderingar knytt til barnehage og skule som nærmiljøanlegg. Det er utarbeidd alternative konsept for barnehage, barneskule og ungdomsskule.

Alternativ 0 er no-situasjonen, så blir dei ulike alternativa vurdert i forhold til nullalternativet.

Medverknad

Planprogrammet slår fast at planprosessen skulle vere godt forankra gjennom brei medverknad frå innbyggjarar, barn og unge, tilsette og interesseorganisasjonar. Dette har vore ein viktig premiss i arbeidet med barnehage- og skulebruksplanen, og vart tidleg forankra i kommunikasjonsplanen for arbeidet med planen. I arbeidsprosessen har det vore gjennomført ei rekkje møter med referansegruppene. Det har også vore gjennomført felles digitale informasjonsmøter, i tillegg til fysiske dialog- og arbeidsmøte med alle referansegruppene. Det har kome fram gode og relevante innspel, drøftingar og problemstillingar i gruppene.

I prosessen med å utforme prinsipp for gode barnehage- og skuleanlegg, har det i desember 2023 og januar 2024 vore gjennomført brukarmedverknad med følgjande grupper:

- Representantar for tilsette ved skular og barnehagar i Alver kommune
- Foreldrerepresentantar frå FAU ved barnehagar og skular i kommunen
- Ungdomsrådet og representantar frå alle skulane i kommunen
- Referansegruppe for sårbare barn
- Representantar frå kultur og idrett

Det har vore gjennomført to høyringsrundar i saka. Ved første gongs høyring var det utkast til barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune som var på høyring. Alver kommune har hatt bistand av konsulentfirmaet Norconsult med utarbeiding av planen, og i første høyringsperiode var det Norconsult si tilråding som var på høyring. For meir informasjon om denne høyringa viser vi til sak 22/2024.

Det har kome inn mange innspel i høyringane. I første høyringsperiode kom det inn 278 merknader og innspel, og ved andre gongs høyring kom det inn vel 110 nye innspel. Norconsult har samanfatta innspel og uttalar frå begge høyringsperiodane for Alver kommune. Innspela er av høg kvalitet, er grundig framstilt og har vore nyttige som grunnlag for førebuing av saka. Vedlagt saka følgjer vedlegg med oversikt og oppsummering av merknader og innspel. Desse er å finne i vedlegga som følgjer ved saka, sjå vedlegg nr. 9 til nr. 12.

Informasjon om prosessen med høyring og offentleg ettersyn

Alver kommune har informert om planarbeidet til rådsorgan i barnehage og skule, på kommunen sine nettsider, ved annonsering i lokalavisene og ved aktiv bruk av sosiale media.

Dialogmøter

Det har vore gjennomført seks dialogmøte i ungdomskulekrinsane i Alver. Det var stort oppmøte med over 700 deltakarar, noko som viser eit stort engasjement i saka. Kort oppsummert formidla innbyggjarane at dei er redde for å miste skulen eller barnehagen i sitt nærområde, det vart kommunisert at dei ikkje ønskjer meir sentralisering, men heller fokus på å styrkje nærmiljøa i bygdene.

Det kom tydelege innspel om at skule og barnehage er viktig for lokalsamfunnet, at barnehage og skule i nærmiljøet er med på å skape eit trygt læringsmiljø og at reisevegen til skulen ikkje bør vere for lang. Det kom også innspel om at det er viktig å sjå på ringverknader av omstrukturering, sentralisering av ungdomsmiljø og mogleg utvikling av gjengmentalitet, og korleis det igjen kan verke inn på bygdene. Det vart kommunisert bekymring for at lokalmiljø og idrettslag vil forvitne mellom anna grunna lang reiseveg mellom heim og skule, og mindre tid til aktivitetar i lokalmiljøet.

Fleire ytra tydeleg motstand mot framlegget om ny, stor ungdomskule i Knarvik, og det vart kommunisert uro for kva for ringverknad dette kunne få for ungdomsmiljøet. Det vart i tillegg peika på at det i planane ikkje er teke omsyn til arealutvikling i bygdene.

Det vert også peika på at nedlegging av tre kommunale barnehagar vil kunne føre til at kommunen får lågare styring av barnehageområdet og at det ikkje gir tilstrekkeleg valmogelegheit for foreldre som ønskjer offentleg barnehagetilbod.

Skriftlege innspel til første høyringsrunde – Barnehage- og skulebruksplan

Det er registrert 278 skriftlege innspel til barnehage og skulebruksplanen i denne høyringa. Dette er gode og grunnjevne innspel, frå bygdelag, næringsliv, elevar, føresette, organisasjonar, tilsette og enkeltpersonar. Alle innspel ligg ved saka (om dei ikkje er

unnateke offentlegheit grunna personopplysingar). Innspela er også summert opp i eit dokument som følgjer ved saka. Sjå vedlegg nr. 9 og nr.10.

Alle innspel og merknader var lest og vurdert før kommunedirektøren sitt framlegg om strukturtiltak i saka vart slutført, og dei innkomne innspela vil følgje ved saka heilt fram til endeleg avgjerd i kommunestyret i oktober 2024.

Høyringsinnspela er tilgjengeleg på offentlig postliste til kommunen. Link til postlista:

https://prod02.elementscloud.no/publikum/920290922_prod-920290922/Search?Query=2023/11732&OrderBy=CASENUMBER&DateFrom=2024-01-01&DateTo=2024-06-10&IncludeCases=true

Skriftelege innspel til andre høyringsrunde – Strukturtiltak barnehage og skule

Det er kome inn i overkant av 110 innspel og merknader til høyringa. Det er registrert 66 innspel frå privatpersonar, 6 innspel frå skular, barnehagar, elevråd, PPT og skulehelsetenesta samla, 2 innspel frå private barnehagar, 13 innspel frå lag og organisasjonar og 23 innspel frå FAU/SU.

Strukturert etter ungdomsskulekrinsane er det kome flest innspel knytt til Radøy, Meland og Ostereidet. Innspela fordeler seg slik: 37 innspel frå Radøy ungdomsskulekrins, 24 frå Meland, 22 frå Ostereidet, 15 frå Lindås, 5 frå Rossland og 3 frå Lindås ungdomsskulekrins.

Også i denne høyringa har innbyggjarane levert innspel med høg kvalitet, og med stor variasjon i form og omfang. Innspela er presentert i form av bilete, tekst og lengre rapportar. Alle innspel og merknader er lest og vurdert før saka er slutført frå kommunedirektøren si side.

Innspela er systematisert og presentert på same vis som innkomne uttalar frå første høyringsperiode, sjå vedlegg nr. 11 og nr. 12 for meir informasjon. Det har ikkje vore mogleg å presentere alle detaljar i innspela i oppsummeringane som er laga, så for å få det heile bilete i forhold til innkomne innspel, oppmodar kommunedirektøren om å lese dei einskilde innspela. Desse er tilgjengeleg på den offentlig postliste til kommunen.

Link til postlista: [Offentlig postliste \(elementscloud.no\)](https://prod02.elementscloud.no/publikum/920290922_prod-920290922/Search?Query=2023/11732&OrderBy=CASENUMBER&DateFrom=2024-01-01&DateTo=2024-06-10&IncludeCases=true)

Norconsult uttrykkjer i oppsummeringa av høyringsinnspela at det framleis er stort engasjement for elevane sitt psykososiale miljø, skule- og barnehagemiljø, nærmiljø/tilgang til anlegg og skule/reiseveg. Dei uttrykkjer også at ved å samanlikne innspel frå runde ein og runde to, kan ein tolke endringane dit hen at det i runde to har vore sterkare engasjement knytt til endringa i barnehagestrukturen enn det var i runde ein.

Om behovet for endring

Alver kommune har dei siste åra brukt store delar av disposisjonsfondet til å finansiere drifta. Dersom denne utviklinga held fram, ligg vi an til å bruke opp disposisjonsfondet innan utgangen av 2026. Det er difor behov for å gjere tiltak som gir positiv verknad på økonomien både på kort og lang sikt.

Utkast til barnehage- og skulebruksplan som er utarbeida av Norconsult synleggjer eit investeringsbehov for barnehagar og skular på over ein milliard kroner dersom kommunen skal vidareføre drifta ved alle lokasjonane. Alver kommune har svært mange eldre skulebygg, til dømes har 11 skular bygg som er over 50 år. Gjennomsnittsalderen på hovudbygga/dei eldste bygga er av Norconsult berekna å vere 45 år.

Prognosane fram mot 2042 viser nedgang i barne- og elevtal i alle kretsane. I dag har kommunen ein betydeleg overkapasitet i bygga, og det vil vere mogleg å slå saman barnehagar og skular utan at dette vil utløyse behov for vesentleg investering.

Strukturendringa som er presentert i saka tek ned dei årlege driftsutgiftene innan oppvekstsektoren betydeleg, samstundes som ein sikrar forsvarleg og framtidretta forvaltning og utvikling av bygg og anlegg.

I organisasjonsprosjektet for Alver kommune er det lagt inn eit innsparingsbehov for sektor oppvekst i storleiken 60-70 millionar kroner. I vurderingane som PwC har gjort så langt, er det tydeleg at dersom sektoren skal nå dette målet, er det avgjerande å gjere strukturelle grep. Det vil ikkje vere mogleg eller fagleg forsvarleg å redusere driftsutgiftene av eit slikt omfang og samstundes oppretthalde alle skulane som vi har i dag.

Vurderingsgrunnlag

I denne delen vi vi først gå gjennom tilrådingane frå Norconsult og PwC, før vi skildrar metode og resultat etter gjennomført ROS-analyse knytt til endringane i struktur som er foreslått av Norconsult. Deretter vil vi presentere kunnskapsgrunnlag og vurdering av våre bygg, utarbeidd av administrasjonen i kommunen. Avslutningsvis vil vi belyse nokre faktorar i høve til kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Norconsult si vurdering

I utkast til barnehage- og skulebruksplan har Norconsult vore tydeleg på at eldre og til dels utdatert bygningsmasse, eit stort etterslep i høve til vedlikehald og kommunen sin økonomiske situasjon tilseier at det er behov for å gjere viktige prioriteringar i åra som kjem. Dette er utførleg skildra i utkast til plan, presentert til politisk nivå ved fleire høve og formidla til innbyggjarane i samband med dialogmøta. Vi går difor ikkje djupare inn i desse vurderingane her, med unntak om perspektivet rundt barnas beste. I samband med første høyringsrunde kom det fleire innspel knytt til at dette har vore for lite synleg i rapporten. Under følgjer ei presisering frå Norconsult.

Om barns beste-vurderingar

Vurderingar i høve til barnas beste i ein barnehage- og skulebruksplan må sjåast i eit heilskapleg perspektiv. I struktursaker kan ein ikkje gjere barns beste-vurderingar på individnivå.

Sitat henta frå utkast til barnehage- og skulebruksplanen: «Utdanningsdirektoratet lanserte eit rundskriv den 15. mars 2012 som omhandlar prosedyrar for nedlegging av skular, med mål om å sikre ein einsarta og korrekt handtering av regelverket. Å leggje ned ein skule er ikkje definert som eit enkeltvedtak, og dermed gjeld ikkje reglane i forvaltningslova kapittel IV-VI om saksførebuing, vedtak, klage og omgjering. Likevel blir det stilt krav om at saka må vere forsvarleg utgreidd før ei avgjerd blir teken. I saker om skulenedlegging betyr dette at kommunestyret skal ha god kjennskap til synspunkta til dei som vil bli råka før dei gjer eit vedtak ... Avgjerder om skulestrukturen ligg innanfor det kommunale sjølvstyret, og desse avgjerdene må byggje på kommunestyret sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar, jamfør Udir-2-2012.»

Kommunestyret får kjennskap til innbyggjarane sine synspunkt gjennom informasjon frå medverknadsprosessar, dialogmøte og innsende høyringsuttalar.

I følgje Norconsult har Barns beste-vurderingar vore den viktigaste premissen for utarbeiding av kriterium. For å konkretisere, viser dei til kriterium og mål for alternativsvurderinga (kapittel 11.4), der nær samtlege område og mål direkte eller indirekte omhandlar barns beste-vurderingar, til dømes:

- Alternativet fremjar trygt og helsefremjande arbeidsmiljø for barn og elevar
- Alternativet fremjar trygg skule- og barnehageveg
- Alternativet gjev akseptabel reisetid for barn og elevar
- Alternativet tilfredsstillar krav til godt og framtidsretta fysisk miljø som fremjar eit likeverdige tilbod om tilpassa lek og læring
- Alternativet tilfredsstillar krav til fysisk miljø som fremjar godt og variert tilbod til mangfaldet av barn
- Alternativet fremjar trivsel, venskap og gode relasjonar
- Alternativet fremjar samarbeid med førstelinetenesta (PPT, helse, BVT)
- Alternativet fremjar rekruttering av lovpålagd kompetanse
- Alternativet fremjar profesjonsfaglege fellesskap
- Alternativet fremjar robuste leiarteam

PwC si vurdering

PwC er tydeleg på at Alver kommune har ei drift som til dels er mykje dyrare enn andre samanliknbare kommunar, og med den økonomiske situasjonen kommunen er i, er ikkje dagens drift berekraftig. Dersom det ikkje blir sett i verk tiltak raskt, er det sannsynleg at kommunen blir innmeldt på ROBEK-lista i løpet av få år.

Analysar utført av PwC viser at Alver kommune brukar meir på grunnskule og barnehage enn dei fleste samanliknbare kommunane.

I motesetnad til Norconsult, har PwC berre fokus på kortsiktige tiltak som kan gjennomførast i løpet av ein toårs periode. I rapporten som vart overlevert til Alver kommune 06.06.24 presenterer PwC følgjande potensiale for innsparing:



Ei konkretisering av mogleg innsparing for skule er skildra i følgjande tiltak:

Innan tenesteområde skule foreslår vi 8 tiltak

Foreslåtte tiltak			
Skule	1	Flytte elevane frå Austebygd skule til Hordabø skule	Kr. 6 200 000
	2	Flytte elevane frå Eikanger skule til Leiknes skule	Kr. 6 400 000
	3	Flytte elevane frå Kløvheim skule til Ostereide skule	Kr. 5 600 000
	4	Flytte elevane frå Sæbø skule til Alversund skule	Kr. 8 200 000
	5	Flytte elevane frå Myking skule til Lindås barneskule	Kr. 5 900 000
	6	Avslutte kjøp av skuleplassar ved Kaland skule i Austrheim kommune (elevane går då inn på Lindås barneskule)	kr. 500 000
	7	Flytte elevane frå Lindås ungdomsskule til Lindås barneskule	Kr. 9 300 000
	8a	Stramme inn tildeling til skular (H2024) deretter videreføring for skular som ikkje er berørt av øvrige strukturtiltak - redusere til nivå for lærarnorm	Kr. 6 400 000
	8b	Stramme inn tildeling til skular som ikkje er berørt av strukturtiltak (lengre sikt) - redusere til nivå for lærarnorm	Kr. 10 400 000
Totalt estimert innsparing			Kr. 58 900 000

Tilsvarane oppsett for barnehage ser slik ut:

PwC foreslår strukturendringar og effektivisering av drifta i barnehagane

Foreslåtte tiltak			
Barnehage	1	Flytte barna frå Austebygd barnehage til Bø barnehage	Kr. 6 400 000
	2	Flytte barna frå Haugen barnehage til Juvikstolen barnehage og skrive ned kapasitet	Kr. 10 200 000
	3	Samle Prestmarka barnehage i felles avdeling Solhall og skrive ned kapasitet	Kr. 5 400 000
	4	Legge ned Marihona barnehage	Kr. 2 300 000
	5	Effektivisere drifta Lindås barnehage (t.d. auke antal barn)	Kr. 2 400 000
	6	Flytte Sæbø barnehage inn i bygget til dagens Sæbø skule	Kr. 900 000
Totalt estimert innsparing			Kr. 27 600 000

PwC understreker at dersom kommunen ikkje lukkast med å ta kontroll over økonomien, vil dette få betydelege konsekvensar både for kommunen si evne til å yte lovpålagte og forsvarlege tenester til barn og unge, og for kommunen si økonomiske handlevne i lang tid framover.

Rapporten frå PwC følgjer ved saka. Sjå vedlegg nr. 6.

Analyse av risiko og sårbarheit (ROS-analyse)

Alver kommune har engasjert PwC i samband med gjennomføring av ei analyse av risiko og sårbarheit i høve til dei strukturtiltaka som er lagt fram av Norconsult. For å hente inn synspunkt frå barn og unge, foreldre, tilsette, tillitsvalde og leiarar, vart det gjennomført to arbeidsverkstader 23.05.24. Her deltok representantar frå elevråd, foreldretutval, lokal arbeidsmiljøgruppe (tillitsvalde, verneombod og leiar) ved barnehagar og skular som er involvert i dei strukturtiltaka som Norconsult har anbefalt. Hovudtillitsvalde og hovudverneombod var også representert i denne verkstaden.

I kvar arbeidsverkstad vart det gjennomført to gruppeoppgåver med målsetjing om å få fram konsekvensar av tiltaka. Deltakarane jobba både i gruppe frå eigen barnehage/skule, og i samarbeid med dei barnehagane/skulane som var foreslått slått saman, eller ved at fleire barnehagar samarbeida om vurderingane.

Det var godt engasjement og aktiv dialog i gruppene. Dei jobba med å skildre positive og negative konsekvensar av forslaga til endring i barnehage- og skulestruktur, i tillegg til å presentere forslag til tiltak som kan kompensere for risiko. Kompenserande tiltak vart strukturert innafor problemformuleringane Korleis sikre positive konsekvensar – Korleis motverke negative konsekvensar?

Oppsummert kan vi seie at det kom inn mange gode innspel, og at vi fekk utfyllande svar på mange av kategoriane (læring, barnehage- og skulemiljø, fritid, reiseveg, nærmiljø, tilsette, bygg- og anlegg og andre).

Av positive konsekvensar kan nemnast:

- større fagmiljø
- kvalitetar i bygget
- kan få fleire venner
- pedagogisk samarbeid
- attraktive arbeidsplassar
- skulen får fleire timar med helsesjukepleiar
- tilbod om fleire fritidsaktivitetar
- fleire som kan bidra ved arrangement
- betre kollektivtransport
- betre inneklima
- betre spesialromfasilitetar
- kommunen kan prioritere vedlikehald på færre bygg
- fulldelt skule
- betre rammer for tilpassa opplæring
- skaper eit bindeledd mellom bygdene
- fagmiljøa i barnevernet, skulehelsetenesta og PPT vurderer at dei kan levere eit vesentleg betre tilbod til barna etter ei eventuell samanslåing

Av negative konsekvensar kan nemnast:

- større miljø
- tap av tryggleiken eit lite lokalmiljø gir
- lengre reiseveg til barnehage og skule
- redusert fritid for elevane
- tap av relasjonar
- tap av arbeidsfellesskap
- reduksjon eller tap av leikeplassar i bygda på fritida
- klasserom og spesialrom kan bli tronge
- meir uro grunna større grupper
- meir køyring for foreldre på fritida
- splitter opp personale
- mindre aldersblanding
- fleire konflikhtar og mobbesaker
- mindre fellesskap
- vanskelegare å bli sett og høyrd av lærar
- bygder "dør ut"
- redusert medverknad frå elevane
- tap av trygge vaksne i overgangsfasen

- mindre fleksibilitet
- redusert bruk av nærmiljø
- vanskelegare å tilpasse opplæringa
- redusert busetjing i bygdene
- auka kriminalitet og gjengdanning
- uka press på farleg trafikksituasjon rundt skuleområde
- færre lærarar per elev.

Sjå rapport som følgjer ved saka for utfyllande informasjon, vedlegg nr. 7.

Kompenserande tiltak

Deltakarane i arbeidsverkstaden kom med innspel om tiltak som kan vere med på å styrkje positive effektar av strukturendringar, og tiltak som kan demme opp for eller vere med på å redusere negative konsekvensar. I tillegg har PwC analysert og presentert faglege vurderingar i forhold til dette. I det følgjande vil nokre moglege kompensierende tiltak bli kortfatta presentert.

Kommunikasjon og informasjon blir vurdert å vere ein viktig kompensierende faktor. Ein verdibasert kommunikasjonsform som gir deltakarane høve til å kome med innspel og sikrar deltakarane like vilkår i forhold til tilgang på informasjon, kan hindre usikkerheit og bidra til oppleving av støtte og fellesskap i prosessen. Ved å framsnakke prosessen kan vaksne vere med på å tryggje overgangen for elevane og unngå at dei vaksne sine bekymringar blir lagt på elevane. Samarbeid mellom foreldre, foreldretutval og samarbeidsutval vil kunne bidra til etablering av relasjonar mellom føresette, som igjen kan vere med på å tryggje barna.

Tilsette kan kjenne på usikkerheit i denne prosessen, og dette stiller store krav til leiarane. Leiarane er sjølv berørt av ei eventuell endring, og skal følgje opp tilsette på eigen arbeidsplass. Aktiv støtte til leiar er difor vurdert som ein viktig kompensierende faktor. Dette i form av direkte hjelp ved behov, støtte til å møte tilsette, media, føresette eller hjelp til å formidle kommunikasjon. Betydinga av felles kanal for koordinering av informasjon, kollegastøtte, kunne stille spørsmål og få raske svar blir poengtert.

Mange er opptekne av nærmiljøet rundt barnehagane og skulane, og den naturlege møtestaden denne er i ei bygd, for barn, småbarnsfamiliar, kultur- og idrett, eldre og ved ulike arrangement i løpet av året. For å bidra til aktivitet, samhald og møteplassar i eit nærmiljø, kan det vere aktuelt å samle bygdefolket til dialogmøte for å få innspel til kva som kan planleggjast for bygda. I slike møte kan det diskuterast kva for arrangement som skal gjennomførast gjennom året, korleis bidra til at etablerte aktivitetar i bygda held fram, kva suksesshistorier har andre bygder å dele med oss med meir.

Justering av opningstidene i barnehagen kan vere til hjelp for småbarnsfamiliar som opplever at det blir travelt å rekkje å hente og bringe i barnehage og skulefritidsordning innafor tidsramma før og etter jobb og opningstida i barnehage eller skulefritidsordning.

Etablering av kommunalt tilbod om skyss til og frå skulefritidsordninga for elevar frå Kløvheim og Sletta kan også vere eit kompensierende tiltak. Det kan eventuelt gjennomførast ei kartlegging blant foreldre om dette blir opplevd å vere til hjelp i kvardagen.

I rapporten som følgjer ved saka er moglege kompensierende tiltak presentert meir utførleg. Sjå vedlegg 7.

Kunnskapsgrunnlag


Barnehage -og skulebruksplanen synleggjer positive og negative konsekvensar knytt til endra skulestruktur. Det er særleg peika på konsekvensar knytt til barnehage- og skulefaglege problemstillingar, som kompetansekrav og forskning knytt til barnehage- og skulestruktur. Det er blitt tatt opp i prosessen og høyringa av planen at det ikkje er stort nok fokus på utfordringar knytt til kva strukturendringar og kva flytting eller nedlegging av ein skule gjer med eit lokalsamfunn. Det har vore peika på at det ikkje er teke omsyn til framtidig bustadutvikling i krinsane knytt til areal avsett til bustad, og nokre har etterlyst ei oversikt over kommunale arealplanar i høve til bustadreserve i krinsar og senter.

Tenesteområde plan og analyse har utarbeida eit kunnskapsgrunnlag som følgjer ved saka, sjå vedlegg 8. I dette dokumentet er det sett på lokalsentra, nærsentra og bygdene og gitt ein omtale av status og planar. Kommunen legg til rette for moglegheiter for utvikling gjennom blant annet kommuneplanen sin arealdel og andre arealplanar. Bustadutvikling og arealreserve i bygdene må sjåast i samanheng med venta folketalsutvikling, og difor presenterer vi i det følgjande ei kort skildring av vekst i innbyggjarar i nærsentra og kommunesenteret dei siste år.

Folketal

Alver har hatt sterk vekst i folketal dei siste ti åra. Tilflyttinga og innvandring har vore høg, og det har blitt født mange born. Veksten har vore nokså ulik i dei forskjellige delane av kommunen. Områda kring Knarvik og Frekhaug har hatt den sterkaste veksten, men det har òg vore vekst kring Manger. Elles i kommunen har folketalet knapt endra seg dei siste åra.

Kartet under viser korleis busetnaden i Alver kommune fordeler seg i bygder og senter.



Arealreserve

Det kan liggje byggeklart areal i fleire planperiodar utan at vi ser at det vert teke i bruk. Det er fleire årsaker til at områder ikkje vert bygde ut. Markedet har stor betydning for kvar utbyggjarar vil satse på å legge til rette for bustader. Det er kostbart både å regulere og byggje bustader for sal. Kostnaden med å regulere og byggje for sal, er det same om det er i Bøvågen eller på Frekhaug. Det er difor ikkje alle stader næringa vil og kan investere.

Det kan og handle om at rekkefølgjekrav til utbygginga er for store til at ein enkelt aktørar kan ta kostnaden. Dette gjeld nokre stader i Alver, til dømes på Vikebø kor det er omfattande rekkefølgjekrav til ny veg. På Ostereidet har ein nyleg vedteke ein områdeplan. Det er stor bustadreserve her, men utfordringa ligg i eit rekkefølgjekrav knytt til avkøyrse til E 39.

Fleire skulekrinsar som ikkje er ein del av den vedtekne nær- og lokalsenterstrukturen har og nokre av dei same funksjonane som nærsentra. Det er ein stor arealreserve i dei fleste skulekrinsar.

Nærmiljø og bygdeutvikling

I medverknadsprosessen det det kome svært mange innspel om at barnehagen og skulen er viktige for bygdelivet. Det blir poengtert at nærleiken til barnehage og skule er knytt til identitet, frivillighet, idrett, fellesskap og trivsel i bygda.

Innspela viser ulike samfunnsfunksjonar skulen og barnehagen kan fylle i lokalsamfunnet:

- utvida undervisnings- og omsorgsaktør
- lokalt bygde- og servicesenter
- sosialt fellesskap
- kulturberar

Dersom ein barnehage eller skule vert lagt ned kan det ha betydning for kulepunkta som er nemnt ovanfor. Det gir også ein moglegheit å sjå på ny bruk av desse bygga. Det kan vere småskala næring, leilegheiter, kultur og fritidsmøteplassar. Dette kan og vere eit bidrag inn i bygda og kan gjere vere med på å oppretthalde attraktiviteten og skape andre møteplassar i bygda. Sjå vedlegg nr. 8 for utfyllande informasjon.

Kvaliteten på bygga våre

Norconsult har kartlagt alle kommunale barnehagar og skular i kommunen. Norconsult sine vurderingar viser at det er stor skilnad i kvalitet og funksjonalitet på dei ulike bygga. Nokre bygg, særleg dei nyaste, har tenlege areal til barn og vaksne. Svært mange av barnehage- og skuleanlegga er likevel vurdert som lite eigna til føremålet. Mange bygg stettar ikkje krava i lovverket til mellom anna storleik på lærararbeidsplassar, universell tilkomst, akseptable toalett med meir.

Ein reknar teknisk levetid på barnehage- og skulebygg på om lag 50-60 år, medan funksjonell levetid i mange tilfelle kan vere lågare. 13 av dei 22 skulane i Alver kommune har bygg som er eldre enn 40 år, 11 skular har bygg som er over 50 år, og 7 av skulane har bygg som er eldre enn 60 år. Fleire av desse vert vurderte å ha passert levetida som skuleanlegg, og har trong for total rehabilitering / ombygging og / eller nybygg.

Store delar av bygningsmassen er prega av vesentleg vedlikehaldsetterslep. Det har og vore manglande heilskapleg utvikling av barnehage- og skulebygga over tid, og manglande oppdatering av bygningsmassen i tråd med nye krav og forventningar. Behovet for vedlikehald er stort.

Når ny barnehage- og skulestruktur er vedtatt, må ein sjå på gjenverande bygningsmasse og vurdere kva for grep som må tas for å få bukt med vedlikehaldsetterslepet. Utan tiltak vil vedlikehaldsetterslepet vere ei kommunal gjeld som veks svært raskt framover.

Kommunen sitt handlingsrom

Utgreiingane frå både Norconsult og PwC er tydelege på at kommunen må gjere omfattande grep for å sikre ei berekraftig drift i åra som kjem. Det same er understreka frå Statsforvaltaren si side i samband med kontroll av budsjett og økonomiplan for 2024-2027. Her seier Statsforvaltaren at kommunen må gjere tiltak som gir tilstrekkeleg positiv verknad på det økonomiske resultatet i år og dei komande åra. Om ikkje kommunen gjennomfører

tiltak med tilstrekkeleg positiv effekt på det økonomiske resultatet, vurderer Statsforvaltaren det som sannsynleg at kommunen blir innmeld i ROBEG-registeret innan få år.

Med ein politisk vedtatt barnehage- og skulebruksplan får kommunen eit verktøy for planlegging av utviklinga innan barnehage og skule både i eit kort- og langsiktig perspektiv. Norconsult har gjort ein grundig jobb med å utarbeide utkast til rapport, og kommunedirektøren ser ikkje grunn til å endre hovudinnhaldet i rapporten.

Det er framlegga i høve til endringar i struktur som naturleg nok har fått størst merksemd, og i samband med andre høyringsrunde presenterte kommunedirektøren framlegg til endringar i denne delen av rapporten. Tilråding frå kommunedirektøren blir lagt fram for politisk handsaming i denne saka.

Moglege strukturtiltak

Då saka var til politisk handsaming i juni 2024, vart først konsulentane sine tilrådingar til strukturendringar skildra, før kommunedirektøren sitt framlegg vart presentert. Oversyn over moglege tiltak i fase 1, med oppstart frå hausten 2025, er presentert i tabellen under:

Moglege strukturendringar barnehage for fase 1:

	Avvikle Marihøna barnehage	Flytte Austebygd barnehage til Bø	Flytte Haugen barnehage til Juvikstølen barnehage	Samlokalisere Prestmarka barnehage	Flytte Sæbø barnehage opp i skulen sine lokale
Norconsult	X	X	X	X	X
PwC	X	X	X	X	X
Investeringsbehov (Norconsult)	-	0 kr	0 kr	23 millionar kroner: ombygging bygg	4,5 millionar kroner: ombygging
Økonomisk effekt (PwC)	2,3 millionar kroner	6,4 millionar kroner	10,2 millionar kroner	5,4 millionar kroner	0,9 millionar kroner

Samla utgjer dette ei estimert innsparing på 25 millionar kroner.

PwC inkluderer økonomisk effekt i høve til tilskot til private barnehagar i sine berekningar. Kommunedirektøren valde difor å synleggjere PwC sine berekningar i det vidare arbeidet. PwC sine vurderingar byggjer på Norconsult sine vurderingar i høve til oppgraderings- og investeringsbehov.

Norconsult og PwC har ikkje presentert forslag til tiltak med langtidseffekt innafor barnehagefeltet, men dersom Sæbø barnehage blir flytta opp til lokala til skulen, vil det vere mogleg å utvide kapasiteten i den barnehagen. Det vil også vere mogleg å utvide

kapasiteten på Manger, i samlokalisert lokale (Solhall). Sjå vedlegg nr. 6 for meir informasjon om dette.

Moglege strukturendringar skule for fase 1:

	Flytte Myking skule til Lindås	Flytte Kløvheim skule til Ostereidet	Flytte Eikanger skule til Leiknes	Flytte Austebygd skule til Hordabø	Flytte Sæbø skule til Alversund	Flytte Lindås ungdomsskule til Lindås barneskule
Norconsult	X	X	X	X	5.-7. trinn	-
PwC	X	X	X	X	X	X
Investeringsbehov (Norconsult)	5 millionar kroner: lyd, ventilasjon ombygging	9 millionar kroner: etablering av spesialrom	4 millionar kroner: pusse opp paviljong, etablere spesialrom musikk, grupperom kontor SFO-leiar	3 millionar kroner: ombygging 1 nytt klasserom og grupperom	0	Sjå neste tabell
Økonomisk effekt (PwC)	5,9 millionar kroner	5,6 millionar kroner	6,4 millionar kroner	6,2 millionar kroner	8,2 millionar kroner	Sjå neste tabell

Samla utgjer dette ei estimert innsparing på vel 32 millionar kroner.

Moglege strukturendringar skule for fase 2:

	Flytte Vestbygd skule til Sagstad	Flytte Manger skule til Radøy ungdomsskule	Etablere felles ungdomsskule i Knarvik	Flytte Lindås ungdomsskule til Lindås barneskule
Norconsult	X	X	X	X
PwC	-	-	-	X
Investeringsbehov (Norconsult)	120 millionar kroner: nybygg elevareal, spesialrom, spesialrom, oppgradering inne og uteareal	100 millionar kroner: tilbygg for barnetrinn, oppgradering inneareal og utbetring uteareal 1-10 skule	335 millionar kroner: nytt tilbygg, ombygging, rive gamal del	62 millionar kroner: påbygg, klasserom, grupperom, garderobar, oppgradering, rive gamal gymsal
Økonomisk effekt (Norconsult)	13,7 millionar kroner	9,5 millionar kroner	26,6 millionar kroner	9,3 millionar kroner (PwC sine tal)

Samla utgjer dette ei estimert innsparing på 59 millionar kroner.

Her er det hovudsakleg Norconsult sine berekningar som er brukt. PwC har ikkje greidd ut innsparingstiltak med langsiktig effekt, med unntak av mogleg 1-10 skule på Lindås. Kommunedirektøren har i saka vald å ta utgangspunkt i tilrådingane frå konsulentane.

Kommunedirektøren si vurdering før andre gongs høyring
Kommunedirektøren viste til at vurderingane i saka byggjer på fleire forhold. Både Norconsult og PwC har bidratt med viktig oversikt, kompetanse og informasjon i saka. Det same har elevar, føresette, tilsette og tillitsvalde/verneombod som har delteke i medverknadsmøte. Alle innspel og merknader i samband med høyringsperioden har gitt utfyllande, bekreftande og fornya innsikt i kompleksiteten i saka.

Kommunedirektøren vurderte at det vil vere mogleg å gjennomføre dei fleste tilrådingane frå Norconsult og PwC, med unntak av:

- Å flytte alle eller delar av elevane ved Sæbø skule til Alversund og flytte barnehagen inn i skulebygget
- Å flytte Vestbygd skule til Sagstad
- Å etablere ein stor, felles ungdomsskule i Knarvik

Strukturtiltaka kommunedirektøren vurderte mogleg å gjennomføre i fase 1, som vart presentert for Levekår i juni 2024, er illustrert i følgjande tabell:

Kommunedirektøren si vurdering av moglege strukturendringar for fase 1 (2025-2026):

År for gjennomføring	Barnehage
August 2025	Avvikle Marihøna barnehage
August 2025	Flytte Austebygd barnehage til Bø barnehage
August 2025	Samlokalisere Prestmarka barnehage i Solhall-bygget

År for gjennomføring	Skule
August 2025	Flytte Myking skule til Lindås
August 2025	Flytte Austebygd skule til Hordabø skule
August 2025	Flytte Kløvheim skule til Ostereidet barneskule
August 2025	Flytte Eikanger skule til Leiknes skule

Inkludert flytting av Haugen barnehage til Juvikstølen er den økonomiske effekten av desse kortsiktige tiltaka stipulert til omlag 48 millionar kroner.

I det følgjande er vurderingar knytt til kommunedirektøren si tilråding presentert.

Framlegget inneber at det blir to færre kommunale barnehagar i kommunen frå 2025/26. Det er brei tilslutning om samanslåing av barnehagen på Manger, og dette vil få avgrensa konsekvensar for foreldra. Felles lokasjon vil gjere drifta av barnehagen meir fleksibel og enklare i kvardagen. Det vil vere ein stor fordel å ha alle tilsette og barn samla. I tillegg vil det vere betydeleg økonomisk vinst å redusere utgifter til drift og vedlikehald til eit bygg.

Foreldre, tilsette og organisasjonane er bekymra for konsekvensen av å avvike Marihøna barnehage. Dette kjem tydeleg fram både i ROS-analysen og i høyringa. Det blir mellom anna peika på at Marihøna barnehage ligg slik til at foreldre kan tilpasse henting og levering med kollektiv transport, og er ikkje avhengig av buss. Fordelar ved ein liten barnehage, og opplevd kvalitet i høve til det pedagogiske innhaldet i barnehagen blir også fremja av fleire.

Tilsvarande bekymringar er meldt inn i høve til flytting av Austebygd barnehage til Bø. I tillegg er det ei bekymring i Austebygd-krinsen kring det at bygda blir ståande utan eit barnehagetilbod og foreldre må skyse barna sine til Bø, Manger eller Sæbø før og etter jobb. Dersom barnehagen ligg i ein annan retning enn jobben, kan det bli utfordrande å få tidskabal til å gå opp. Innbyggjarane er urolege for kva dette vil føre med seg av ulemper for småbarnsfamiliane i kvardagen og for bygda som nærmiljø på sikt.

Kommunedirektøren har forståing for at avviking av ein barnehage ikkje er ei ønska endring for dei familiane som er godt nøgde med barnehagen sin og ønskjer å behalde den i nærmiljøet. Samstundes viser brekningar frå både Norconsult, PwC og dei siste oppdateringane frå SSB at vi må rekne med ein reduksjon i tal barn i barnehagane i dei komande ti åra. Ut frå desse berekningane har kommunen tilstrekkeleg kapasitet med omsyn til barnehageplassar.

Engasjementet for å behalde dei minste skulane i kommunen har vore formidabel, og dette vitnar om sterke nærmiljø som verkeleg slår ring om skulen sin. Det har vore imponerande lesing å gå gjennom innspela til planen. Det er tydeleg at mange har lagt mykje tid ned i å formidle kvaliteten av å ha ein skule i bygda, og at saka har engasjert både barn og vaksne, eldre, idrettslag, næringsdrivande, korps, bygdelag, foreldreutval, tilsette og organisasjonar.

Innsendte bidrag om Austebygd argumenterer sterkt og godt for behovet for ein skule i bygda, tilsvarande som dei gjer for barnehage. Innbyggjarane er glade i skulen sin, og viser til høg trivsel blant elevane samt dyktige tilsette. Skulen som møteplass blir også trekt fram, samt bekymringa for kva som vil skje med fellesskapet og samhaldet i bygda dersom skulen forsvinn.

Bidrag som omhandlar Myking skildrar skulen si betydning for bygda, bruk av nærmiljøet i opplæringa og dugnadsarbeidet i bygda som kjem skulen til gode. Skulen er med på å skape fellesskap mellom alle dei små bygdene som bind Myking-krinsen saman. Vidare at skulen er med på å oppretthalde grunnlaget for drift av nærbutikken, er ein møteplass mellom barn og eldre og er ein trygg og god skule for barn og foreldre. Sjølv om skulen kunne hatt bruk for oppgradering, så seier elevane at dei trivst på skulen og er glad i skulen sin.

Også innspela frå Kløvheimbygda vitnar om eit solid fellesskap i bygda, og eit imponerande bidrag frå bygda for å vedlikehalde skulen og vidareutvikle den flotte tomte skulen ligg på. Med etablering av nærmiljøanlegg, Blåbærtoppen, Rotveltskogen og Trekanten, rydda og tilrettelagt av foreldre og bygdelag, i tillegg til måling av ballbinge og initiativ i forhold til veglys langs vegen opp til skulen, så er det ikkje tvil om at bygdefolk, foreldre, elevar og tilsette har eit sterkt ønskje om å behalde skulen sin.

Innbyggjarane i Eikanger har venta mange år på ny skule, og har levd med mellombelse løysingar i ein tiårs-periode. Med etablering av næringspark, regulert byggjefelt på Fyllingsnes og med planlagt oppstart av gang- og sykkelveg langs E39 ved Fyllingsnes, er det stor optimisme i bygda med omsyn til folkevekst og auka tal elevar i skulen. Også her vitnar innspela i høyringa om eit sterkt engasjement og ønskje om å behalde skulen i bygda og å få bygd ny skule på Fyllingsnes.

Kommunedirektøren ser ikkje at kommunen har økonomisk handlingsrom til å oppretthalde dagens skulestruktur, og vurderer at det er behov for å redusere tal skular. For å sikre ein meir kostnadseffektiv drift av skulane, er det tydelege tilrådingar frå konsultentselskapa om å avvikle dei minste skulane. Kommunedirektøren gjer seg dei same vurderingane med omsyn til dei minste skulane, og rår kommunestyret til å følgje anbefalingane frå konsulentane.

I høve til skule på Fyllingsnes, så vurderer kommunedirektøren at det ikkje er økonomisk berekraftig til å byggje ein barneskule berre for elevane på Eikanger skule. Det er heller ikkje i samsvar med senterstrukturen som er vedtatt for kommunen, som seier at det skal vere skule i nærsentra. Ledig kapasitet både på Ostereidet barneskule og Leiknes skule tilseier at kommunen i staden bør fylle opp elevplassar her. Kommunedirektøren rår til at kommunestyret ikkje går vidare med etablering av ein ny skule på Fyllingsnes.

I høyringsperioden har det kome massive argument mot å flytte elevane ved Sæbø skule til Alversund. Det alternativet som har fått flest motargument, er etablering av eit oppveksttun på Sæbø, og at elevane frå 5.-7. trinn skal gå på Alversund skule. Dette vil føre til fleire overgangar for elevane i løpet av grunnskuletida, og elevane frå Sæbø vil måtte tilpasse seg nye grupper beståande av elevar frå andre skular både på mellom- og ungdomstrinn. For barnehagen sin del, vil det vere risiko for at barnehagen sitt særpreg blir svekka til fordel for skulen sine behov. Kommunedirektøren rår til at kommunestyret ikkje går vidare med dette alternativet. Eksisterande barnehage på Sæbø har behov for oppgradering, og omfanget av dette behovet bør greiast ut gjennom ei moglegheitsstudie med konseptfase.

Det har kome mange innspel mot flytting av elevane ved Vestbygd skule til Sagstad. Det har også kome inn sterke argument for å oppretthalde ei kopling mellom Vestbygd og Rossland, i høve til skulemiljø, nærmiljø, idrett og fritid. Kommunedirektøren vurderer at det kan vere nyttig å få utarbeidd ei moglegheitsstudie i høve til å slå saman Vestbygd skule og Rossland skule, og fremjar at dette blir gjennomført. Kommunedirektøren rår ikkje til at Vestbygd skule blir overført til Sagstad skule. Grunngeving for dette vil både vere at Sagstad skule er stor nok som den er i dag, og at dette vil kunne svekke både skuledrift og fritidsaktivitetar for elevane frå den delen av kommunen og Vikebø som nærserter, dersom elevar frå Vestbygd blir overført til Sagstad.

Oppgraderingar av barnehage- og skulebygg er ikkje synleggjort i kommunedirektøren sitt framlegg i denne saka, men vil bli innarbeidd i økonomiplanar gjeldande frå 2027. Kommunedirektøren ser ikkje at kommunen har økonomisk handlingsrom til å prioritere dette dei komande to åra. Det er dei tiltaka som er nødvendig for strukturendringar som bør prioriterast i 2025 og 2026.

Kommunedirektøren si vurdering av moglege strukturendringar for fase 2 (frå 2026):

År for gjennomføring	Skule
Pågåande prosjekt, i samsvar med økonomiplanen for 2024-2027.	Etablere ny ungdomsskule på Frekhaug og overføre ungdomstrinnet ved Rosslund skule til Frekhaug når ny skule står ferdig.

Mange bidrag i høyringa er skeptiske til etablering av ein ny stor ungdomsskule i Knarvik. Bekymringar som er sendt inn i høyringa går på fleire forhold: reiseveg for elevar som bur lengst vekke, risiko i høve til skulemiljø, transport etter skuletid, grunnlag for næringsutvikling, kultur og idrett i og rundt nærsentra, sentralisering og svekking av nærmiljø og identitet, store miljø i ei sårbar ungdomstid, frykt for auka kriminalitet og auka press på foreldre i høve til transport, for å nemne nokre innspel som er kome fram i høyringa.

I kommunedirektøren si vurdering har reiseveg til skulen vore eit viktig argument. Lang skuleveg fører til mange minutt på skulebuss i løpet av veka. Men reisetid til skulen må sjåast opp mot kor liten ein skule kan vere. Eit for lite skulemiljø kan også føre med seg uheldige omstende, både i høve til elevmiljø, vennskap og sosiale relasjonar, kompetanse og fagmiljø. Kommunedirektøren rår kommunestyret til å ikkje gå vidare med alternativet om ein stor felles ungdomsskule i Knarvik.

Kommunedirektøren rår til at kommunestyret gjer vedtak om å halde fram med prosjektet knytt til etablering av ny ungdomsskule på Frekhaug, og at elevane frå ungdomstrinnet ved Rosslund skule blir overført til den nye skulen på Frekhaug etter ferdigstilling. Med dette får vi to store kommunale ungdomsskular i kommunen og ungdomane frå Holsnøy har tilbod om ungdomsskule i sin del av kommunen, lokalisert i kommunen sitt største lokal- og nærsenter.

Etablering av ein 1-10 skule på Lindås er frå kommunedirektøren si side vurdert å vere eit langsiktig tiltak, og at det er behov for ein konseptfase for å sjå nærmare på løysingar samt behov for regulering. Kommunedirektøren rår til å vurdere dette tiltaket i høve til moglege strukturendringar på lang sikt, og å setje av planleggingsmidlar til dette føremålet.

Kommunedirektøren si vurdering av behov for å utarbeide moglege studie med konseptfase:

År for gjennomføring	Barnehage/skule
----------------------	-----------------

2025-2028	Etablere 1-10 skule på Manger Reguleringsplan for Manger sentrum
2025-2029	Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomskule Reguleringsplan
2028-2029	Flytte Vestbygd skule til Rossland (etter at ny ungdomsskule på Frekhaug står ferdig) Moglegheitsstudie
2027-2029	Etablere 1-10 skule på Lindås. Reguleringsplan
2028-2029	Oppgradering av Sæbø barnehage Konseptfase
2028-2030	Etablere 1-10 skule på Ostereidet Moglegheitsstudie

Vurderingar knytt til investeringar for å gjennomføre strukturendringar

For å gjennomføre strukturendringane som er skissert i fase 1 er det behov for nokre tiltak på mottakarbarnehagane og mottakarskulane innan hausten 2025. Tiltaka er kort presentert i følgjande tabell (ikkje utfyllande):

Tiltak for å gjennomføre strukturendringar i fase 1 – mottakareiningane	
Prestmarka barnehage	Diverse oppgraderingar/rehabilitering av nytt areal som skal taskast i bruk.
Hordabø skule	Etablere eit nytt klasserom, garderobe og grupperom med meir. Utbetring av uteareal.
Lindås barneskule	Mindre ombygging, nytt klasserom.
Leiknes skule	Vurdere behovet for etablering av eit klasserom og grupperom. Vurdere etablering av sone for av- og påstigning ved levering av barn.
Ostereidet barneskule	Vurdere behovet for etablering av spesialrom og utbetring av SFO-base.

Kommunedirektøren ser at det vil vere behov for å greie ut alternativa som vil innebere betydeleg investering og/eller nybygg, og forslår at dette blir gjort ved å gjennomføre ei moglegheitsanalyse med konseptfase for kvart tiltak.

Etter at moglegheitsstudie med konseptfase er utarbeidd, vil kommunestyret ha grunnlag for å prioritere om desse tiltaka skal gjennomførast i denne form, med eventuelle justeringar og omprioriteringar, eller skrinleggjast.

Tala byggjer på utgreiingar utført av frå Norconsult, og må kvalitetssikrast.

Kommunedirektøren vil jobbe vidare med desse vurderingane og sjå nærare på kostnader fram mot politisk handsaming i oktober 2024.

I større prosjekt, der det er snakk om tilbygg eller nybygg, vil det vere fleire kostnadselement som må inngå i det totale budsjettet for prosjektet. Det grunnleggjande vil vere entreprisekostnaden som inkluderer kostnaden med bygget og utomhus. Vidare vil det tilkomme kostnader til mellom anna planlegging, prosjektering og prosjektadministrasjon, og eventuelle kostnader til mellombelse lokale, riving, nytt inventar og kjøp av tomt. Dette er avhengig av det einskilde prosjekt. Tal frå Norconsult inkluderer ikkje kjøp av tomt, inventar eller mellombels lokale i byggefasen. I ein tidleg fase av prosjekta vil det knyte seg ein betydeleg usikkerheit til dei stipulerte kostnadane.

Truleg vil infrastruktur som ligg utanfor byggjetomta vere den største faktoren med usikkerheit i arbeidet, knytt til eventuelle rekkjefølgjekrav. Rekkjefølgjekrav omfattar offentleg infrastruktur. Dei vanlegaste rekkefølgjekrava omfattar tilkomst i høve til veg, utbetring av vegkryss, vatn og avlaup. Men det kan også stillast krav til torg, parkar, parkeringsgarasjar med meir. Kostnader knytt til rekkjefølgjekrav er ikkje inkludert i tala frå Norconsult.

For å kunne stipulere kostnader for tiltaka, er det mellom anna nødvendig å ha kontroll på rekkefølgjekrava. Desse blir vedtatt i reguleringsplanane. Alle større prosjekt må difor greiast ut nærare i ein konseptfase, og deretter regulerast. Dette er også i samsvar med vedtatt investeringsreglement, der alle større investeringsprosjekt skal starte med ein konseptfase. Det skal også gjennomførast ei kartlegging av risiko for det einskilde prosjekt der moment for usikkerheit i prosjektet blir vurdert.

På bakgrunn av dette, rår kommunedirektøren til å setje av planleggingsmidlar og midlar til regulering for dei langsiktige strukturendringane. Planleggingsmidlar blir innarbeidd i økonomiplan for 2025-2028.

I moglegheitsstudie/konseptfase vil det vere medverknad opp mot brukarar, verneombod og tillitsvalde i samsvar med gjeldande reglement for investeringar. Pedagogiske behov med meir vil bli greidd ut i den prosessen. Dersom konsekvensar for elevane ikkje allereie er vurdert, vil også dette vere ein del av moglegheitsstudia.

Under følgjer ei kort vurdering av dei prosjekta som bør starte med ein konseptfase, deretter regulering og fullstendig kostnadsvurdering.

Ungdomsskule på Frekhaug

Kommunedirektøren foreslår å vidareføre ungdomsskule på Frekhaug. Det har vore arbeid med ein konseptfase for ny ungdomsskule på Frekhaug parallelt med utarbeiding av barnehage- og skulebruksplanen, men arbeidet er sett på vent grunna denne planprosessen. I konseptfasen skulle to tomter vurderast for ny ungdomsskule. I prosessen har kommunedirektøren sett at begge tomtene er utfordrande å byggje på grunna høge kostnader med rekkjefølgjekrav og anna nødvendig infrastruktur.

Det vil også ta tid å etablere ny skule grunna behov for regulering. Det er difor gjort enkle vurderingar av eksisterande skuletomt parallelt. På eksisterande tomt er det allereie

tilrettelagt infrastruktur og med ny rundkøyring på Frekhaug vil det vere god tilkomst. I eit miljøperspektiv kan ein nytte delar av eksisterande bygningsmasse ettersom dagens ungdomsskule også har noko nyare bygningsmasse. Ei av utfordringane med eksisterande tomt er eit avgrensa uteområde, men det er mogleg å etablere uteområde på tak. Det er ei velkjent løysing i sentrale strøk. I barnehage- og skulebruksplanen har Norconsult også vurdert vidareføring av ungdomsskulen i alternativ 1, men då utan samanslåing med ungdomstrinnet på Rosslund.

Dersom kommunestyret vedtar å halde fram arbeidet med ny ungdomsskule på Frekhaug vil konseptfasen vil bli fremja i ei eiga politisk sak. Prosjektet har ei økonomisk ramme for konseptfasen i økonomiplan for 2024-2027. Denne ramma vil eventuelt bli justert etter eit vedtak i konseptfasen.

Skulane på Manger

Det er foreslått etablering av 1-10 skule ved dagens Radøy ungdomsskule. I første omgang må det utarbeidast moglegheitsstudie for prosjektet. I denne prosessen er det viktig å finne gode løysingar for bygg, uteområde og tilkomst. Vidare vil det vere behov for å regulere.

På Manger er det behov for å lage ein heilskapleg plan for Manger sentrum, og det er naturleg å slå saman desse behova i ein samla plan. Arealet som Norconsult har foreslått for eit tilbygg må vurderast nærare, og alternativt bør ein sjå på moglegheitene for å bygge eit tilbygg på nordsida av ungdomskulen.

Kommunedirektøren rår til å setje av midlar til konseptfase og utarbeiding av områdeplan. Prosessen med reguleringsplan for Manger er omfattande og det er venta at det vil ta 2-3 år før planen kan bli vedtatt.

Knarvik Ungdomsskule

Det er behov for å utvide Knarvik ungdomsskule. Utfordringa med utvidinga er at gjeldande *Områdeplan for Lonelva-Juvikvarden* har svært omfattande og kostbare rekkjefølgjekrav. Det er behov for å revidere planen.

Det vil også vere behov for å sjå nærare på omfanget av utviding av skulen med tanke på uteområde og forholdet til eksisterande bygningsmasse. Dette bør gjerast gjennom moglegheitsstudie/ein konseptfase. Kommunedirektøren rår til å setje av midlar til konseptfase og revisjon av reguleringsplan. Dette er omfattande arbeid og det er venta at prosessen vil ta 3-4 år.

1-10 skule på Lindås

Tilrådinga frå Norconsult er etablering av ein 1-10 skule på Lindås. I første omgang må det utarbeidast moglegheitsstudie for prosjektet. I denne prosessen er det viktig å finne gode løysingar for bygg, uteområde, tilkomst og tilpassing til den Trondheimske postveg. Vidare

vil det vere behov for å lage ein reguleringsplan. Kommunedirektøren rår til å starte på dette arbeidet i 2027. Det er venta at reguleringsplanprosessen vil ta omlag 2 år.

Skulane på Ostereidet

Kommunedirektøren rår til at ein inntil vidare held på dagens skulestruktur på Ostereidet. Ostereidet ungdomsskule er ein liten ungdomsskule, og med venta reduksjon i elevtalet ved skulen i åra som kjem, vurderer kommunedirektøren at det bør gjennomførast moglegheitsstudie for å vurdere om ein etter kvart bør vurdere 1-10 skule på Ostereidet. Kommunen vil då ha same struktur på dei mindre ungdomsskulane i heile kommunen, noko som er positivt i forhold til samarbeid mellom skulane, likebehandling med meir. Tiltaket bør bli sett i samanheng med elevtalsprognosar for Ostereidet ungdomsskule og kapasitet på Knarvik ungdomsskule.

Sæbø barnehage

Dersom ein skal halde på dagens Sæbø barnehage i dagens lokale, er det behov for større rehabilitering. Dette må greiast ut nærare. Kommunedirektøren ser ikkje at det er økonomisk handlingsrom til å starte ein konseptfase på dette før i 2028-2029, men rår til at det blir sett av midlar til ei moglegheitsstudie også for dette tiltaket.

Prestmarka barnehage

Samlokalisering av Prestmarka barnehage i lokasjonen til Solhall er allereie etablert som prosjekt. Denne samanslåinga vil krevje ein del ombygging/rehabilitering, og kommunedirektøren rår til at det blir sett av midlar til gjennomføring av tiltaket i 2025. Dei allereie avsette midlane til planlegging blir brukt i 2024. Kommunedirektøren vil kome tilbake med meir detaljert oversyn over stipulerte kostnader når saka skal handsamast i oktober.

Det er ikkje behov for å rehabilitere heile arealet til barnehage pr. no, men på sikt kan det vere behov for å rehabilitere resten av arealet i Solhall til barnehage. Dette vil avhenge av barnetal, men kapasitet i andre barnehagar som til dømes Sæbø barnehage kan også verke inn på behovet for tal barnehageplassar på Manger. Inntil vidare er det ikkje behov for utviding, men dersom det behovet oppstår vil det vere behov for eit moglegheitsstudie/ein konseptfase for å sjå nærare på denne løysinga. Dette er per no ikkje lagt inn som eit tiltak frå kommunedirektøren si side.

Kommunedirektøren sine vurderingar etter andre gongs høyring
For å svare ut nokre av spørsmåla frå politiske representantar frå utval for Levekår i samband med andre gongs høyring, vart det bestilt ei utgreiing frå PwC i høve til konsekvens

og effekt av å flytte både Eikanger og Kløvheim skule til Ostereidet barneskule eller Leiknes skule. Utreiinga er lagt ved saka, sjå vedlegg nr. 14.

	Stipulert økonomisk effekt av å flytte Eikanger til Leiknes	Stipulert økonomisk effekt av å flytte Kløvheim til Ostereidet	Stipulert økonomisk effekt:
Alternativ 1 (skissert i tidlegare tilråding frå PwC)	6,4 millionar kroner	5,6 millionar kroner	Sum: 12 millionar kroner
Alternativ 2	Flytte Eikanger + Kløvheim til Ostereidet		Sum: 15,1 millionar kroner
Alternativ 3	Flytte Eikanger + Kløvheim til Leiknes		Sum: 15 millionar kroner

Samla viser dette at kommunen har eit større potensiale for innsparing ved å flytte Eikanger skule og Kløvheim til same skule. Berekningane frå PwC viser ei estimert innsparing på ca. 15 millionar kroner, som er ca. 3 millionar kroner meir enn ved å flytte Kløvheim skule til Ostereidet barneskule og Eikanger skule til Leiknes skule.

Berekningane frå PwC viser at dersom dette skal gjennomførast vil det utløyse investeringsbehov ved Ostereidet for å etablere tre nye klassar ved skulen. Tiltaket kan gjennomførast ved Leiknes skule innafor same tal klassar som om berre Eikanger skule vart flytta til Leiknes. PwC konkluderer at det ikkje vil vere aktuelt å gjennomføre tiltaket på Ostereidet grunna kapasitetsmangel, og at tiltaket kan bli avgrensa av kapasitet ved Leiknes skule.

Dersom Leiknes skule også skulle inkludere elevane frå Kløvheim og Eikanger førre skuleår (alle berekningar frå PwC byggjer på tal frå GSI-rapporteringa skuleåret 2023/24) ville det vore 275 elevar ved skulen. Prognosane samla sett viser reduksjon i elevtalet ved desse skulane, slik at venta elevtal i 2032 vil vere 229 (dette byggjer på prognosar, ikkje eksakt kunnskap om korleis det blir). Leiknes skule er godkjent for 250-300 elevar, og vil med dette ha behov for 14 klasserom, to klasserom per årstrinn. I dag har Leiknes skule 12 klasserom, men har moglegheit til å omdisponere noko areal for å etablere to ekstra klasserom. Leiknes skule har det same behovet for klasserom om berre Eikanger skule blir flytta til Leiknes, som om både Kløvheim skule og Eikanger skule blir flytta dit. Kommunedirektøren vurderer difor at det vil vere mogleg å gjennomføre tiltaket på Leiknes skule.

Det vart også bestilt ei tilleggsutgreiing frå PwC i høve til økonomisk effekt av å utvide kapasiteten ved Marihøna barnehage. I vurderinga er det lagt til grunn ei auke i tal barn med 2 små og 2 store barn. PwC har berekna at dette vil gje kommunen eit potensielt årleg innsparingspotensiale på ein halv million kroner. Sjå vedlegg nr. 15.

Fritt skuleval

Også i andre høyringsperiode er det kome innspel om at kommunen burde praktisert fritt skuleval. Dette er ei avklaring som kan vurderast politisk i samband med handsaming av forskrift for kringsgrenser, som kjem til behandling i etterkant av vedtatt barnehage- og skulebruksplan.

Tiltak barnehage – fase 1

Alver kommune har starta opp arbeidet med å greie ut kva tiltak som må gjennomførast for å samlokalisere Prestmarka barnehage i Solhall-bygget. Tiltaket er viktig med omsyn til drift, kvalitet og økonomi. Grunna den økonomiske situasjonen til kommunen er det naudsynt å gjere tiltaket så kostnadseffektivt som mogleg, noko som vil kunne innebere at ikkje alle ønskje eller behov frå brukargruppa kan imøtekomast i første runde. Kommunedirektøren held fast ved tilrådinga om at tiltaket bør realiserast frå og med hausten 2025. Dei økonomiske berekningane frå konsulentane er lagt til grunn for kostnadsramma som er presentert i saka, og er berekna til 23 millionar kroner.

Kommunedirektøren har tidlegare presentert at Sæbø barnehage bør vidare førast og at oppgradering av barnehagen bør inngå som eit langsiktig tiltak, og gjennomførast i 2028-2029. I tidsrommet for andre høyringsperiode har det vore jobba med å konkretisere barnehagen sitt behov for oppgradering/rehabilitering. Den informasjonen kommunedirektøren innehar på noverande tidspunkt viser at behovet for oppgradering er så stort at iverksetjing av tiltak ikkje bør vente til 2028-2029. Kommunedirektøren vil difor anbefale å prioritere oppstart av tiltaket i 2025, og at det blir sett av ei ramme på 33,5 millionar kroner til å gjennomføre rehabilitering av barnehagen i 2025 og 2026.

Også i andre høyringsrunde er det kome inn sterke stemmer for å behalde Austebygd barnehage. Det blir vist til høg kvalitet og stabilitet ved barnehagen i dag, at barnehagen er viktig for nærmiljøet, tryggleik, logistikk mellom jobb, heim og barnehage i kvardagen, at skulen og barnehagen er ein viktig møteplass i bygda, for å nemne nokre av innspela.

Den økonomiske situasjonen til kommunen, utviklinga i barne- og elevtal, ledig kapasitet i barnehagane og eit stort innsparingspotensiale ved å gjennomføre denne strukturendringa, opp mot dei negative konsekvensar dette vil få for innbyggjarane i Austebygd krins, er alle faktorar som er vurdert i saka. PwC har berekna at det å flytte Austebygd barnehage til Bø barnehage har eit årleg innsparingspotensiale på 6,4 millionar kroner. Kommunedirektøren held fast ved tilrådinga om at Austebygd barnehage bør flyttast til Bø barnehage.

Det har vore eit stort engasjement i begge høyringsrundane for å behalde Marihøna barnehage, og innspela har vore knytt til kvalitetar i barnehagen, at det er einaste kommunale barnehagen på Holsnøy, barnehagen som ein trygg og god fleispråkleg arena, nærleiken til busshaldeplass, for å nemne nokre av dei områda som har fått mest omtale.

PwC har berekna eit årleg innsparingspotensiale på 2,3 millionar kroner ved å leggje ned barnehagen. Dei har også berekna at kommunen vil kunne få eit innsparingspotensiale på 0,5 millionar kroner ved å ta inn fire fleire barn i barnehagen.

Med dei nye opplysningane som ligg føre i saka, vurderer kommunedirektøren at den økonomiske effekten av å leggje ned barnehagen er relativt låg i forhold til dei konsekvensar dette vil få for barn og foreldre. Kommunedirektøren vil difor tilrå at barnehagen ikkje blir lagt ned gjeldande frå hausten 2025, og at det blir jobba vidare med å vurdere kva for investeringskostnader som må gjennomførast for at barnehagen skal stette dagens krav til areal. Ved å auke kapasiteten med to små barn og 2 store barn, har PwC berekna at kommunen vil få ein økonomisk vinst på 0,5 millionar kroner. Kommunedirektøren vil tilrå at dette blir lagt inn som eit tiltak gjeldande frå august 2025.

PwC har synleggjort eit innsparingspotensiale på 2,4 millionar kroner ved å effektivisere drifta ved Lindås barnehage, vurdert ut frå økonomisk effekt av å ta inn to små barn og to store barn ekstra, som etter berekningane vil utgjere eit samla tal barn i barnehagen på 62. Sjå vedlegg 6 for meir informasjon. Potensiale for innsparing er knytt til at ved å ta inn fleire barn i barnehagen, vil det vere fleire barn å dele kostnadene på, og kostnad per barn går ned. Kommunen får med dette ei meir effektiv drift av barnehagen. Kommunedirektøren rår til at dette blir lagt inn som eit tiltak gjeldande frå august 2025.

Oversyn over tiltak barnehage i fase 1, med økonomisk effekt:

År for gjennomføring	Barnehage	Årleg innsparing
August 2024	Flytte Haugen barnehage til Juvikstølen barnehage og skrive ned kapasitet	10,2 millionar kroner
August 2025	Auke kapasitet Marihøna barnehage	0,5 millionar kroner
August 2025	Effektivisere drifta Lindås barnehage	2,4 millionar kroner
August 2025	Flytte Austebygd barnehage til Bø barnehage	6,4 millionar kroner
August 2025	Samlokalisere Prestmarka barnehage i Solhall-bygget og skrive ned kapasitet	5,4 millionar kroner
Sum:		24,9 millionar kroner (heilårseffekt)

Tiltak skule – fase 1

Tiltaka for skule som har vore til vurdering for fase 1 er knytt dei minste skulane; Austebygd, Kløvheim, Myking og Eikanger. Også i samband med andre gongs høyring er det kome sterke oppmodingar om å skjerme desse skulane, då avvikling av skulen har mykje å sei for dei som bur i bygda, i forhold til reiseveg, fritid, tilbod i bygda etter skuletid og hente-bringesituasjon til og frå skulefritidsordninga. Det er også kome innspel om å etablere ein mottakar skule ved Kløvheim, som ligg mellom Myking og Eikanger.

Kommunedirektøren har stor forståing for all dei som ønskjer å behalde skulen sin, og den uro som barn, foreldre og tilsette opplever i den situasjonen vi no står i.

Kommunedirektøren vurderer at det er behov for å gjere justeringar i drifta for å sikre eit meir økonomisk berekraftig nivå, sikre eit meir likeverdig tilbod med større fokus på innhald og kvalitet i åra som kjem.

Med gjennomføring av dei skisserte strukturiltaka for barneskulane vil det vere elevane frå Kløvheim-krins som vil få lengst reiseveg til og frå skulen. Det vil også vere strekninga Kløvheim-Ostereidet som vil utgjere den lengste reisevegen for foreldre i samband med hente- og bringesituasjonen til skulefritidsordninga.

PwC si vurdering i høve til å flytte elevane frå Eikanger og Kløvheim samla til Ostereidet eller Leiknes viser potensiale for auka innsparing på om lag 3 millionar kroner. Sett opp imot at elevane frå Kløvheim med dette får kortare reiseveg til og frå skulen og dei fleste foreldre får kortare veg mellom heim, jobb og skule, finn kommunedirektøren grunnlag for å endre tilråding i høve til elevane frå Kløvheim skule.

Kommunedirektøren si tilråding i høve til fase 1, endring av skulestruktur står ved lag, men med følgjande justering i høve til Kløvheim skule: Kløvheim skule blir flytta til Leiknes skule.

Med dette rår kommunedirektøren til at både Eikanger skule og Kløvheim skule flytta til Leiknes skule.

I høyringsperioden har det vore fremja bekymring for at flytting av elevane frå Eikanger til Leiknes vil slå negativt ut for elevgrunnlaget til Ostereidet ungdomsskule. Ostereidet ungdomsskule vil framleis vere den skulen som ligg nærast heimen til ungdomsskuleelevar frå Kløvheim og Eikanger, sjølv om dei går på barneskulen på Leiknes.

Lov om grunnskulen, med dei siste oppdateringane gjeldande frå 01.08.24, gir eleven rett til å gå på skule i nærmiljøet. Ved tildeling av skuleplass og fastsetjing av forskrift om skulekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasitet på skulane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skule. Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skule enn den eleven har rett til å gå på. Dette er regulert i § 2-6 i opplæringslova *Kva grunnskole eleven skal gå på.*

I etterkant av vedtak i denne saka vil administrasjonen leggje fram ei sak om forskrift av kringsgrenser for politisk handsaming. Kommunestyret i Alver kommune vil kunne fastsetje at elevane frå Kløvheim og Eikanger skal høyre til Ostereidet ungdomsskulekrins, uavhengig av om dei går på skule på Leiknes eller ei.

Kommunedirektøren foreslår å setje av 12 millionar kroner til gjennomføring av tiltak på mottakar skular knytt til strukturiltaka for skule i fase 1. Denne ramma vil bli brukt til tilpassingar og ombygging av eksisterande skuleanlegg, og byggjer på tilrådingane frå Norconsult og PwC.

Oversyn over tiltak skule i fase 1, med økonomisk effekt:

År for gjennomføring	Skule	Årleg innsparing
August 2025	Flytte Myking skule til Lindås	5,9 millionar kroner
August 2025	Flytte Austebygd skule til Hordabø skule	6,2 millionar kroner
August 2025	Flytte Kløvheim skule og Eikanger skule til Leiknes skule	15 millionar kroner
Sum:		27,1 millionar kroner (heilårseffekt)

Stipulert effekt av dei kortsiktige tiltaka barnehage og skule som kommunedirektøren rår til å gjennomføre gjeldande frå og med august 2025: **52 millionar kroner.**

Tiltak skule – fase 2

Det er stort behov for utviding og rehabilitering av Knarvik ungdomsskule, og reguleringsarbeidet vil ta tid. Kommunedirektøren vil anbefale at arbeidet med regulering blir starta opp i 2025, og vil leggje det inn som tiltak i økonomiplan for 2025-2029).

Tilrådinga frå kommunedirektøren i høve til ny Meland ungdomsskule står også ved lag, samt at økonomisk ramme for tiltaket blir lagt inn i økonomiplan for 2025-2028.

I samband med andre gongs høyring har det kome innspel om at det bør nyttast same ordlyd i høve til alle delar av kommunen med omsyn til moglegheitsstudia. I saka var det tidlegare brukt ordet etablere 1-10 skule på Lindås og vurdere 1-10 skule på Manger og Ostereidet. Kommunedirektøren støttar dette innspelet, og vil i det vidare presentere dette punktet med likelydande ordlyd. I tilråding frå kommunaldirektøren vil det bli brukt ordlyden å vurdere etablering av 1-10 skule på Manger, Ostereidet og Lindås.

Lindås idrettslag har spelt inn at det er stort behov for å kunne gjere bruk av den gamle gymsalen ved Lindås barneskule til idrettsaktivitetar. Dette er eit behov som må vurderast i samband med moglegheitsstudie for 1-10 skule på Lindås.

Skisse over tilrådd framdrift for fase 2:

År for gjennomføring	Barnehage/skule
2025-2028	Vurdere 1-10 skule på Manger Reguleringsplan for Manger sentrum
2025-2029	Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule Reguleringsplan
2025-2028	Ny Meland ungdomsskule Konseptfase
2027-2029	Vurdere 1-10 skule på Lindås Reguleringsplan
2028-2029	Vurdere å flytte Vestbygda skule til Rossland (etter at ny ungdomsskule på Frekhaug står ferdig)

	Moglegheitsstudie
2028-2030	Vurdere 1-10 skule på Ostereidet Moglegheitsstudie

I etterkant av utarbeida moglegheitsstudier, reguleringsarbeid og konseptfaser vil det vere mogleg å stipulere økonomisk effekt av aktuelle tiltak. Kommunedirektøren foreslår at dette blir lagt fram for politisk vurdering etter oppsett framdriftsplan som er skissert i tabellen over.

Økonomiske konsekvensar av kommunedirektøren sitt framlegg

Behova knytt til investeringar for å gjennomføre tiltaka i fase 1 er vist i tabellar ovanfor.

Først etter ein konseptfase kan kommunedirektøren kome tilbake med tal for sjølvne tiltaka presentert i fase 2.

Kostnader knytt til investeringar i forhold til fase 1 vil bli innarbeidd i økonomiplan for 2025-2028.

Etter vedtak vil det vere behov for å kome tilbake med ei politisk sak som synleggjer eit heilskapleg behov for oppgradering av dei barnehage- og skulebygga som skal vidareførast. Dette i lys av det store etterslepet i forhold til vedlikehald som er synleggjort i rapporten frå Norconsult. Kommunedirektøren har som målsetjing å synleggjere dette i samband med økonomiplanarbeid for 2026-2029.

For å få full effekt av strukturendringane, vil kommunedirektøren også leggje fram utkast til ein plan for avhending eller eventuell ombruk av dei bygga som ikkje lenger skal nyttast til barnehagar og skular. Kommunedirektøren vil leggje dette fram som ei eiga sak etter vedtak i barnehage- og skulebruksplanen.

Som del av rammetilskotet til kommunane er det lagt inn eit tilskot på kr 541.000,- per skule. Alver kommune med sine 22 skular får dermed kr 11,9 mill. kr som del av dette. Dersom kommunen reduserer talet på skular vil og rammetilskotet bli redusert med kr 541.000,- per skule frå året etter at skulen vert lagt ned.

Tilskotet per skule er finansiert med trekk i innbyggjartilskotet per innbyggjar. Dette utgjer kr 7,4 mill. kr for Alver kommune, men vert ikkje påverka av talet på skular i kommunen. Netto effekt av ein nedlegging av skule vert difor redusert rammetilskot med kr 541.000,-.

Med tiltaka som er presentert i fase 1, tilrår kommunedirektøren å setje i verk innsparingstiltak innafør sektor oppvekst på 52 millionar kroner gjeldande frå hausten 2025. For å nå målsetjinga om ei innsparing på 60-70 millionar, er det behov for å definere fleire tiltak. Dette blir konkretisert i samband med dei tiltaka for skule som er skissert i fase 2, men det kan også bli behov for å setje i verk tiltak innafør dei andre tenestoområda i

sektoren. Kommunedirektøren vil kome tilbake med ei oppdatering i forhold til dette i samband med budsjett – og økonomiplanarbeidet.

Miljømessige konsekvensar

Framlegg til barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune synleggjer store ambisjonar på vegne av tilbodet til barn og unge. Med planen ønskjer kommunen å tilby gode rammer for leik, utvikling, læring og aktivitet. Ved å avhende dei eldste bygga og oppgradere eller byggje nytt, kan kommunen truleg i større grad tilby barn og unge gode innemiljø og ein pedagogisk arena som stettar dagens krav til funksjonelle bygg.

I prosessen har Alver kommune utarbeidd forslag til standard for barnehage- og skulebygg. Dette skal bidra til at framtidige prosjekt blir planlagt ut frå fastsette rammer, og slik sikre både berekraft og likeverd mellom prosjekta.

For nokre småbarnsfamiliar vil kommunedirektøren sitt framlegg kunne resultere i auka bruk av bil. Dette er særleg aktuelt i samband med hente/bringe situasjon i barnehage og skulefritidsordning. Etablering av eit kommunal transporttilbod til og frå skulefritidsordning vil kunne bidra til reduksjon av denne effekten.

Omfanget av kommunale kostnader til skuleskyss er frå både Norconsult og PwC si side vurdert å vere på om lag same nivå som i dag. Dette sjølv om fleire elevar vil få lengre skuleveg. I høve til naturmiljø er det ikkje vurdert å ha avgjerande betydning om det er fleire barn på skulebussen i ein retning, men for det einskilde barn vil tal minutt på skulebussen kunne verke inn på barnets oppleving av reisa.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Ved å følgje tilrådingane i utkast til barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune, vil tal kommunale barnehagar og skular i kommunen bli redusert. For innbyggjarane betyr dette at nokre familiar får lengre reisetid til barnehagen, at tal kommunale barnehageplassar blir redusert og at nokre elevar får lengre reiseveg til skulen.

Skulefritidsordninga i Alver kommune har kortare opningstid enn barnehagane, så truleg vil det vere fleire familiar som kan få utfordringar med å hente og bringe elevar på skulefritidsordninga enn i barnehage. Venteleg vil det vere føresette frå Austebygd og Kløvheim som vil opplevde dette som mest utfordrande, særleg om dei må køyre i motsett retning av skulen for å kome til jobb.

Ved strukturendringar for skule vil det vere behov for å endre grensene for skulekrinsane. Frå fleire hald er det kommunisert at alternative kringsgrenser burde vore presentert samstundes med framlegg om strukturendringar. Kommunedirektøren har forståing for dette innspelet, og ser at det kunne vore med på å gje innbyggjarane meir utfyllande informasjon om konsekvensane ved dei ulike alternativa. Når dette ikkje vart gjort frå kommunedirektøren si side, byggjer det på ei vurdering om at det er mest effektiv tidsbruk å starte dette arbeidet etter at framtidig skulestruktur er fastsett. Difor vil eventuell justering

av kringsgrenser kome opp som ei eiga politisk sak etter planen er vedteken, då i form av ei forskrift som fastset kringsgrenser for dei kommunale grunnskulane i kommunen. Her kan kommunen ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten til skulane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skule. Dette etter § 2-6 i lov om grunnskuleopplæring, gjeldande frå 01.08.24.

Alle tilsette ved dei berørte barnehagane og skulane må ivaretakast og sikrast ein god prosess fram til dei blir tildelt ny arbeidsplass. Ingen skal bli sagt opp eller måtte gå ned i lønn som konsekvens av endringar i struktur. Organisasjonsprosjektet som er etablert skal sikre ein god prosess for informasjon, oppfølging og ivaretaking av tilsette i endringsprosessen. Allereie inneverande år er det etablert ei ordning der tilsette som har jobb ved ein av dei lokasjonane som er omtala i framlegg til barnehage- og skulebruksplan, kan registrere sitt ønskje om alternativ arbeidsstad dersom barnehagen eller skulen dei er tilsett ved, blir avvikla.

Risiko

I forhold til endringar i barnehage- og skulestruktur er det fleire risikopunkt. Kommunedirektøren vil i det følgjande belyse nokre moment som har kome tydeleg fram i analyse av risiko- og sårbarheit og i innspel frå innbyggjarane.

Barn opplever fleire overgangar i løpet av oppveksten, og dersom desse er godt førebudde og organisert på ein måte som tryggjer barnet, vil barn og unge meistre slike overgangar. For nokre er det ei positiv oppleving å byte arena, medan andre treng tid for å bli trygg og trivast i nye omgjevnader og med nye barn og vaksne.

Menneske treng ulik tid på å bli trygg og byggje relasjonar med andre. Dette gjeld både barn og vaksne. Dersom det blir for mange overgangar på kort tid, og det blir for mange relasjonar som skal etablerast eller blir brutt, kan dette vere ein risiko i forhold til barns rett til ein trygg og god skulekvardag og eit godt psykososialt skulemiljø.

Alver kommune har behov for å setje i verk tiltak raskt for å få økonomisk effekt, og fleire av tiltaka presentert frå kommunedirektøren si side er skissert gjeldande frå barnehage- og skuleåret 2025/26. Eventuelle bygningsmessige tilpassingar på mottakaraskule må gjennomførast før skulestart i 2025, og i praksis helst vere slutført innan juli månad. Det vil vere behov for å kome raskt i gang med planlegginga av tiltaka, slik at vi kan sikre både tilstrekkeleg kapasitet og tid til å gjennomføre tiltaka. Kapasitet kan vere ei utfordring, då det er relativt mange kortsiktige tiltak som er nødvendige for gjennomføringa.

I høyringsperioden er det kome mange innspel i forhold til kva avvikling av barnehage og skule har å seie for ei bygd eller nærsenter. Det er ei frykt for at familiar vil flytte frå bygda, at fritidstilbod forvitrar ved at barn og unge søker seg til andre tilbod der dei går på skule. Det er fremja uro for at dette vil få konsekvensar for kultur-, idrett- og næringsliv, ved at rekruttering til desse tilboda blir meir sentralisert og at dei lokale tilboda får eit svekka eksistensgrunnlag.

Manglande avklaring politisk i forhold til framtidig skulestruktur er også vurdert som eit risikopunkt. Dette fordi framhald av dagens skulestruktur truleg vil føre til eit krav om innsparing på same vis som tidlegare år, ved at skulane skal kutte i tal årsverk. Både Norconsult og PwC er tydelege på at det ikkje vil vere mogleg å nå dei fastsette innsparingsmåla for sektor oppvekst utan å gjennomføre vesentlege strukturtiltak. Dette vil verke inn på rammer til tidleg innsats, spesial- og sosialpedagogiske tilpassingar og skulane sine moglegheiter til variasjon i opplæringstilbodet.

Dei langsiktige tiltaka vil krevje vesentlege ressursar, både i avdeling for investeringsprosjekt og for planavdelinga. Konseptfase/tidlegfase krev mykje involvering frå brukargrupper. Politiske avklaringar er nødvendig undervegs. Det er ein ressurskrevjande fase med tanke på interne ressursar. Bistand og dialog med planavdelinga er også vesentleg, noko som føreset ledige ressursar og kapasitet også der.

Kommunedirektøren sitt framlegg om strukturendringar har ei framdrift som føreset at desse investeringane blir prioritert. Dersom det kjem andre større investeringar som må prioriterast på same tid, til dømes innanfor helse, kan det vere utfordrande med omsyn til kapasitet.

Vurdering av særskilte grupper

Etablering av ein barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune vil ha størst betydning for dei krinsane som får endringar i sitt lokale tilbod, og for barn og unge i desse krinsane spesielt. Som skildra innleiingsvis i forhold til risiko, vil dei fleste barn og unge meistre ein slik overgang.

Sårbare barn og unge er ei gruppe som må ivaretakast særleg godt ved ei eventuell strukturendring. Det vil vere behov for tett og godt samarbeid med føresette og etablere strukturar for planlegging og trygging av overgangssituasjonen så tidleg som mogleg. Dersom det er etablert ansvarsgrupper eller barnet har barnekoordinator, vil det tverrfaglege samarbeidet kunne bidra til gode rammer for prosessen. Her bør det vere fokus både på barn og familien.

Partar

Ein barnehage- og skulebruksplan vedkjem mange av innbyggjarane i kommunen, og difor er dette ei sak der mange har partsinteresse i. Barn, unge og foreldre er kanskje den største gruppa som har ei interesse for saka, men også andre innbyggjarar, tilsette, lag og organisasjonar.

I samband med høyringsperiodane har informasjon om høyringa blitt kunngjort både på heimesida, på facebook og i lokalaviser, og ved direkte brev sendt til rådsorgan, lag og organisasjonar samt sentrale samarbeidspartar. Dei mange høyringsinnspela som har kome inn, vitnar om at mange hatt ønskje om å uttale seg i høve til planen.

Oppsummering

Frå kommunedirektøren si side er det ei overordna målsetjing å betre den økonomiske situasjonen til kommunen. Hovudoppgdraget i åra som kjem er å greie ut og gjennomføre tiltak som blir vedtatt for å sikre ein meir langsiktig sunn kommuneøkonomi.

Mange av tiltaka som blir presentert for kommunestyret, er tiltak som kan opplevast negativt for delar av kommunen, einskilde grupper eller personar. Kommunedirektøren har stor forståing for dette.

I denne saka presenterer kommunedirektøren tiltak innafør sektor oppvekst på 52 millionar kroner i fase 1, med ei kortsiktig tidsramme. Dette som ei oppfølging av bestillinga frå kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga for 2024, der kommunedirektøren fekk i oppdrag å kome tilbake med forslag til kutt i utgifter på minst 150 millionar kroner. Kommunedirektøren vil kome tilbake med framlegg til økonomisk effekt av tiltaka som er lagt inn i fase 2.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektør rår til at kommunestyret fattar følgjande vedtak i saka:

Kommunestyret vedtar Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune, med dei endringar foreslått av kommunedirektør i denne saka.

Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune, med dei endringar som er foreslått av kommunedirektør.

Kommunestyret vedtar ei samla årleg innsparing for sektor oppvekst på 52 millionar kroner, inkludert innsparing av framtidige kapitalkostnader, fordelt på følgjande tiltak i fase 1:

Tabell 1:

År for gjennomføring	Barnehage	Årleg innsparing
August 2024	Flytte Haugen barnehage til Juvikstølen barnehage og skrive ned kapasitet	10,2 millionar kroner
August 2025	Auke kapasitet Marihøna barnehage	0,5 millionar kroner
August 2025	Effektivisere drifta Lindås barnehage	2,4 millionar kroner
August 2025	Flytte Austebygd barnehage til Bø barnehage	6,4 millionar kroner
August 2025	Samlokalisere Prestmarka barnehage i Solhall-bygget og skrive ned kapasitet	5,4 millionar kroner
Sum:		24,9 millionar kroner (heilårseffekt)

Tabell 2:

År for gjennomføring	Skule	Årleg innsparing
August 2025	Flytte Myking skule til Lindås	5,9 millionar kroner
August 2025	Flytte Austebygd skule til Hordabø skule	6,2 millionar kroner
August 2025	Flytte Kløvheim skule og Eikanger skule til Leiknes skule	15 millionar kroner
Sum:		27,1 millionar kroner (heilårseffekt)

Sum årleg innsparing tiltak fase 1, struktur barnehage og skule: **52 millionar kroner.**

Kommunestyret ber kommunedirektøren setje av ei økonomisk ramme på 12 millionar kroner til å gjennomføre tiltak ved mottakarskular, 23 millionar til investeringstiltak Prestmarka barnehage, jamfør PwC sine kalkylar, og 33,5 millionar for å rehabilitere Sæbø barnehage. Kommunestyret ber om at dette blir innarbeida i økonomiplan for 2025-2028.

Tabell 3:

Tiltak	2025	2026
Oppgradere Solhall, slik at Prestmarka barnehage får ein felles lokasjon	23 millionar kroner	
Rehabiliterer Sæbø barnehage	3,5 millionar kroner	30 millionar kroner
Gjennomføre tiltak Hordabø skule	3 millionar kroner	
Gjennomføre tiltak Leiknes skule	4 millionar kroner	
Gjennomføre tiltak Lindås barneskule	5 millionar kroner	
Sum:	38,5 millionar kroner	30 millionar kroner

Kommunestyret vedtar å setje i gang arbeid med moglegheitsstudier, reguleringsarbeid og konseptfase i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren, og etter oppsett framdriftsplan for fase 2.

Tabell 4:

År for gjennomføring	Barnehage/skule
2025-2028	Vurdere 1-10 skule på Manger Reguleringsplan for Manger sentrum
2025-2029	Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule Reguleringsplan
2025-2028	Ny Meland ungdomsskule Konseptfase
2027-2029	Vurdere 1-10 skule på Lindås Reguleringsplan
2028-2029	Vurdere å flytte Vestbygd skule til Rossland (etter at ny ungdomsskule på Frekhaug står ferdig) Moglegheitsstudie
2028-2030	Vurdere 1-10 skule på Ostereidet

Kommunestyret vedtar å halde fram prosjektarbeidet med ny Meland ungdomsskule, i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren. Økonomisk ramme for dette arbeidet blir lagt inn i økonomiplan for 2025-2028.

Vedlegg

- 1 Vedlegg nr. 1 Vedteke Planprogram kommunedelplan barnehage og skulebruksplan. Alver kommune
- 2 Vedlegg nr. 2 Barnehage- og skulebruksplan Alver kommune frå Norconsult
- 3 Vedlegg nr. 3 Skildring skule- og barnehageanlegg. Norconsult PDF
- 4 Vedlegg nr. 4 Økonomi og tiltak ulike strukturtiltak. Norconsult
- 5 Vedlegg nr. 5 PwC rapport 08.02.24 - Organisasjonsgjennomgang Alver kommune (1)
- 6 Vedlegg nr. 6 Analyse av økonomisk driftsnivå på tjenestene - Delrapport Oppvekst levert av PwC 06.06.24
- 7 Vedlegg nr. 7 Endeleg versjon frå PwC ROS Oppvekst sendt Alver
- 8 Vedlegg nr. 8 Barnehage og skulebruksplan areal og folketalsutvikling. Alver kommune
- 9 Vedlegg nr. 9 Oversikt over høyringsinnspel 1. gongs høyring Alver kommune.
- 10 Vedlegg nr. 10 Oppsummering_høyringsinnspel 1. gongs høyring Alver Norconsult
- 11 Vedlegg nr. 11 Oversikt over høyringsinnspel 2. gongs høyring. Norconsult
- 12 Vedlegg nr. 12 Oppsummering høyringsinnspel 2. gongs høyring. Norconsult
- 13 Vedlegg nr. 13 Svar på spørsmål frå utval for levekår Barnehage- og skulebruksplanen. Alver kommune
- 14 Vedlegg nr. 14 Berekning alternative tiltak innan oppvest. Tilleggsbestilling. PwC.
- 15 Vedlegg nr. 15 Berekning alternativt tiltak Marihøna barnehage